



Kunstverket er ferdig montert. Monteringsleiar Even Stensletten, handlangar Wermund Vethus og kunstnaren sjølv Gaute Haugland kan vere svært så fornøgde. (Klikk på bildet for å få det større)

Festidalenkunstnaren Gaute Haugland sine verk lyser verkeleg opp og pyntar bygda vår. Tidlegare har han mellom anna gjort bygda vår kjent med dei fantastiske siloballane han er meister for. I dag er eit nytt imponerende kunstverk montert. Det dekkar heile løveveggen på Rød og vil bli lagt merke til av alle som kjem til bygda frå den retningen. Kunstverket er laga i løa heime på Haugland.



Monteringsarbeidet er i gang.

Kunstverket er heile 7,35m x 2,44m, og i tillegg kjem overskrifta som er 4,88m x 1,22m. Det er eit fantastisk måleri som møter alle som kjem til bygda vår. Gaute lagar måleria sine ved hjelp av sprayboksar, og etter mykje øving har han tileigna seg imponerande teknikk og ferdighet.



[Før ein kjem til kunstverket på løa, vert ein møtt med dette skiltet](#)

Eg blir imponert når han fortel at han har laga heile måleriet, fordelt på 8 plater, på 2 dagar.

- Er rikignok litt lange dagar då, legg han smilande til der han føl arbeidet med å montere måleriet, og eg forstår at det kan gå frå 7 om morgonen til midnatt

Til monteringsarbeidet har han god hjelp av Wermund Vetthus og Even Stensletten. Kunstnaren gjev tydeleg uttrykk for at han er fornøgd med kunstverket etter kvart som monteringsarbeidet skrid fram.



[...og disse pyntande siloballane.](#)

Det er tydeleg at kunsten til Gaute blir meir og meir populær. Då eg spurde han om oppdragsmengda for eit år sidan, var svaret at det godt kunne vore meir. No seier han at det er helst rikeleg å gjera. Oppdraga er varierte; - noko er innandørs og noko er ute. Han har m.a. dekorert ein del barar og pubar i Bergen. Her heime er klatreveggen i Aktivitetshuset, måleri i skogavegen, på Elins Matgleder og Dønhaug Gardsbarnehage nokre av spora etter denne kunstnaren.



Vakkert!! (Foto: Stig Framnes)

Av: Thor Inge Døssland.